



LISA CHARLOTTE BAUDOUIN LIE (fødd 1980 i Trondheim) er regissør, dramatikar, skodespelar og forfattar. Ho debuterte som lyrikar i 2000 med samlinga *Forbausende få katastrofer*, og i 2005 utgav ho romanen *Armløs slår tilbake*. Ei samling av scenetekstane til Sons of Liberty, scenekunstkompaniet ho starta saman med Stina Kajaso i 2003, blei gitt ut i 2009. I perioden 2013–2015 var Lie husdramatikar på Dramatikkens hus. Ho vann Heddaprisen i 2015 for arbeidet med framsyninga *Blue Motell*.

*MARE* blei utropt til kultframstykning straks etter premieren på Det Norske Teatret i 2019 og vann Ibsenprisen for beste scenetekst året etter.

Forfattarportrett: Ingrid Eggen  
Omslag: Maja Nilsen

FORLAGET OKTOBER

ISBN 978-82-495-2403-7



9 788249 524037



Det finst teoriar om at morskjærleiken er den opphavlege forma for kjærleik, og at alle andre former, som romantisk kjærleik, er mutasjonar av denne. Nyare forsking tyder på at denne kjærleiken slår inn og endrar hjernen til kven som helst som får og tar ansvaret for eit lite barn over tid. Men kva får eit menneske til å hoppe frå balkongen og ta med seg barna sine? Anna enn verdas vondskap? At mørket har trengt seg inn i dei?

**MARE** er ein tragedie, eit mysterium, ein folkeleg festival i mytologisk landskap. I dette universet møter du mange karakterar frå samtid, historie og myte. Med utgangspunkt i mytar, mellom anna frå antikken, blir historie og samtid blanda med eit urtidsteater som stammar frå dionysiske landlege rituelle festivalar.

**MARE** bygger mellom anna på det antikke greske dramaet *Medea* av Eriphides. Medea har ofra alt for å vere med Jason, ho har forlate landet sitt og forrådt sin eigen familie. Då ektemannen Jason vil gifte seg med ei anna, koker det over for Hekate-prestinna, trollkvinnen og halvgudinnen Medea. Det finst mange ulike versjonar om myten om Medea; berre i dei seinaste drep ho sjølv barna sine. Og i evolusjonsbiologisk forstand gir det inga mening for ei mor å ta livet av barna sine som hemn over ein tidlegare partnar, slik menn kan gjøre. I dei tidlege versjonane av myten blir skulda retta mot folket i Korint, som tar livet av barna for å hemne seg på Medea ettersom ho myrdar kongefamilien deira, Jasons nye brud Glauke og far hennar, Kreon. I ein annan versjon sviktar gudinnen Hera barna då ho ikkje stiller opp for å ta hand om dei, sjølv om Medea har fått dei trygt overleverte til Heras tempel, og dei dør der. Likevel er det ikkje til å stikke under stol at Medea er ein av dei mest frykta morsfigurane i mytologien.

Mara er eit norrønt vesen som hadde det med å sette seg og ri på brystet til folk og dyr medan dei sov, og med det vere årsak til kjensla av å bli kvælt. Vi kan bli ridd av marer som vi kan bli ridd av dårleg samvit. Mara som i mareritt, mor, hav.

